

Saksbehandlar: Roald Breistein
Sak nr.: 18/5783-3

Årsrekneskap og årsrapport 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 25.09.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisorbrev 05-2018 frå SF-revisjon IKS.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

Vedlegg:

- 1 Årsrekneskap 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2 Årsrapport for 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 3 Revisjonsberetning Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017
- 4 Revisorbrev 05-2018 Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 5 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Fylkesrådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er så fylkesutvalet som innstiller overfor fylkestinget, i saka om rekneskapen. Fylkestinget skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf.

"Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

Vurderingar og konsekvensar

Årsrekneskapen er lagt fram av fylkesrådmannen, og består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.


Fylkeskommunen sin revisor, SF-revisjon IKS, har lagt fram revisjonsmelding. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 2 156 242 478 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 44 695 025. Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding.

Vi fekk også revisorbrev 05-2018 frå SF-revisjon IKS. Dette revisorbrevet inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet. Revisorbrevet beskriv feil og manglar

som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapen sin heilskap, men som er av ein slik karakter/storleik at SF-revisjon IKS meiner at det er viktig at leiinga blir gjort kjend med dei. På bakgrunn av dette har revisjonen gjeve nokre tilrådingar til fylkeskommunen på forhold som bør og kan betrast. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere å sette fokus på desse forbetningsområda.

Av rekneskapen for 2017 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 334,2 mill dvs. netto resultatgrad på 10,45 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2017. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 3 åra: 2015 (+ 5,35 %), 2016 (+ 6,82 %) og 2017 (+ 10,45 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2017 som er høgare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane. Dette var og tilfelle i 2015 og 2016. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad fylkeskommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt saman hengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande

69,5 % av sum driftsinntekter, altså under maks tilrådinga frå Riksrevisjonen. Talet har lege nokså stabilt dei siste tre åra. Tilsvarande er disposisjonsfondet på heile 23,71 % av driftsinntektene. Dette er ein monaleg oppgang frå 15,97 % i 2015 og ein liten oppgang frå 21,19 % i 2016. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Sogn og Fjordane fylkeskommune tilfredsstillande lånegjeld, godt driftsresultat for 2017 og eit disposisjonsfond som også er godt. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtalar dette som positivt.

Sekretariatet merkar seg m.a. følgjande frå fylkesrådmannen sin uttale i årsrapport 2017:

«Fylkestinget vedtok intensjonsplanen om samanslåing med Hordaland 2. februar 2017. Den etterfølgjande debatten bar, slik eg ser det, vel mykje preg av at fylkestinget hadde sagt «ja» til samanslåing utan garanti for at vi vart tilført nye oppgåver. Regjeringa kom med nokre nye oppgåver i april, og Stortinget supplerte med nye oppgåver i juni. Oppå dette kjem ev. oppgåver Stortinget sluttar seg i 2018, etter at tilrådinga frå ekspertutvalet no ligg føre. Dersom eit fleirtal i Stortinget ønskjer å styrke det regionale folkevalde nivået, har det no alle moglegheiter til å gjere nettopp det! Fylkestinget sette også som vilkår for å gå inn i ein ny region med Hordaland, at tal fylke/regionar på landsbasis vart om lag ti. Dette imøtekom Stortinget då det vedtok regionreforma 8. juni 2017.»

«Rekneskapan for 2017 viser eit driftsoverskot på 44,5 mill. kr. Det er noko over gjennomsnittet dei fire siste åra. Vi nyttar netto driftsresultat som indikator på kor godt resultat ein fylkeskommune har. For fylkeskommunar er det no tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent (av samla driftsinntekter). Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde i 2017 netto driftsresultat på 334,2 mill. kr., dvs. 10,5 prosent. Tilsvarende tal i 2016 var på 214,9 mill. kr. (6,8 prosent). Den høvesvise sterke auken i netto driftsresultat skuldast i hovudsak to forhold: meirinntekter på rente/utbytte med om lag 62 mill. kr og mindretgifter på avdrag med om lag 52 mill. kr.»

«Frå 2015 til 18 er dei systemfordelte inntektene våre kutta kvart år slik at vi i 2018 er teke ned med til saman 230 mill. kr (brutto). Vi har i denne perioden, med god støtte i Stortinget, klart å få på plass ein tapskompensasjon som samtidig er trappa opp til 105 mill. Det betyr at det reelle tapet i 2018 blir på ca. 125 mill. kr. Vi blir etter systemet tatt ned med nye 60 mill. kr i 2019. Spørsmålet då blir kor mykje av dette vi får dekka gjennom ei ev. vidare opptrapping av nemnde kompensasjon. På driftssida har vi fått på bordet nær 60 utgreiingar som kan gje årlege innsparingar på ca. 160 mill. kr. Både fylkestinget og dei tilsette har her bidrege positivt. Det har likevel vist seg tungt å få godkjent nokre av desse utgreiingane.»

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsrapport frå administrasjonen, revisjonsmeldinga og revisorbrev frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Dessutan samanhengen mellom netto driftsresultat, langsiktig lånegjeld og ubunde disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Fylkesrådmann har lagt fram ein god årsrapport, som gjev ei god skildring av drifta av fylkeskommunen i 2017. Årsrapporten frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»

Sekretariatet har merka seg at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «likestilling» og «diskriminering» er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2017 medan «etikk» er omtala i liten grad.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig mindre forbruk
- netto driftsresultat
- låneopptak og ubundne disposisjonsfond
- Omtale av etikk i årsrapporten
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.

Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i 2017 tilfredsstillande lånegjeld, driftsresultat og disposisjonsfond i høve tilrådingane frå Riksrevisjonen. På bakgrunn av det som kjem fram i revisorbrev 05-2018 frå SF-revisjon IKS vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i kontrollutvalet 25.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse forbetningspunkta. Vidare bør utvalet kommentere at omtale av etikk i årsrapporten ikkje er i tråd med kommunelova § 48.5.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via fylkesutvalet til fylkestinget.